

SAK 39/07 SØKNAD OM TILSKOT TIL PROSJEKT; NOREGS FRILUFTSHØGSKOLE

Saksopplysning

Fyrste gong denne saka var opp i Regionrådet var i sak 56/06. Saka vart då utsett, men skulle takast opp til endeleg handsaming seinare, då saka var nærare avklart.

I sak 36/07 orienterte prosjektleiar Annelin Henriksen om Noregs Friluftshøgskole.

I brev dat. 22.8.2007 (vedlegg 1) søker Norges Friluftshøgskole om kr. 700.000 i prosjektstøtte for 2007.

Formålet med Prosjekt Norges Friluftshøgskole er å etablere ei ny, statleg, nasjonal profesjonshøgskole – Norges Friluftshøgskole – som skal bli ei internasjonalt leiande profesjonshøgskole for utdanning av guidar/rettleiarar, vertskap og tilretteleggarar innan natur-, kultur- og friluftsliv og bærekraftig reiseliv, med hovudbase i Hemsedal og ein kystbase på Sunnmøre (sjå vedlagt prosjektbeskrivelse, vedlegg 2).

Hovudoppgåva i prosjektet no er å utarbeide ein detaljert studie- og fagplan som skal ende i ein faglig søknad til NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen – underlagt Kunnskapsdepartementet). Dersom den faglege søknaden blir godkjent, vil neste steg vera å utarbeide ein politisk og finansiell søknad til Kunnskapsdepartementet og Stortinget der målet er ei statleg etablering og driftsfinansiering via statsbudsjettet, på lik linje med andre statlege høgskuler (sjå framdriftsplan, vedlegg 4).

Prosjektet er m.a. presentert for Landbruks- og matdepartementet, Kommunaldepartementet, Miljøverndepartementet og Kunnskapsdepartementet, i tillegg til NHO Reiseliv, Riksantikvaren, Direktoratet for naturforvaltning, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat og private reiselivsbedrifter. Attendemeldingane har vore positive.

Når det gjeld etablering av prosjekt-fagteamet, har over 15 kompetente fagpersonar takket ja til å vera med å utarbeide detaljerte studieplanar og ein heilskapleg høgskolesøknad.

Høgskulesøknaden vil etter planen vera klar i løpet av 2007/byrjinga av 2008.

Vurdering

Dette er utan tvil eit av dei mest spennande prosjekta som er lansert i Hallingdal dei seinare åra. Det har eit perspektiv som bør vera midt i blinken både for Hemsedal og Hallingdal.

Mykje av ideane og grunnlaget i prosjektet samsvarar godt med mykje av det som er sagt i både stortingsmeldingar og div. planar dei siste åra, som t.d.:

- St. meld. nr. 30 (2003-2004) ”Kultur for læring”
- St. meld. nr. 16 (2004-2005) ”Leve med kulturminner”
- St. meld. nr. 20 (2004-2005) ”Vilje til forskning”
- St. meld. nr. 21 (2004-2005) “Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand”
- St. meld. nr. 22 (2004-2005) ”Kultur og næring”
- St. meld. nr. 25 (2004-2005) “Om regionalpolitikken”
- St.meld. nr. 21 (2005-2006) ”Hjarte for heile landet Om distrikts- og regionalpolitikken”

I St.meld. nr. 21 (2005–2006) står det at Regjeringa vil utvikle ein nasjonal reiselivsstrategi. *Regjeringa vil i tråd med Soria Moria-erklæringa utvikle ein nasjonal reiselivsstrategi som byggjer på nærleik til natur og norsk kultur, og som sikrar satsinga på grønt reiseliv, reiselivsnæringa som distriktsnæring og attraktiviteten i kulturlandskapet. Reiselivsstrategien skal leggje grunnlaget for å styrkje konkurransevna til reiselivsnæringane.*

Aktuelle tema i strategiarbeidet er internasjonal profilering, opplæring og styrking av kompetansen i næringane, fysisk infrastruktur, fellesgodefinansiering, kvalitetssikring av reiselivsprodukta og betre samarbeid mellom næringsaktørane og mellom næringane og styresmaktene. Regjeringa tek sikte på å leggje fram strategien våren 2007.

I strategidokumentet for BTV-samarbeidet, for næring og samferdsel 2005-2007 står det m.a.: Regionsamarbeidet vil:

Bidra til bedre samspill og helhetlig tenking mellom tradisjonelle reiselivsbedrifter, landbruksbaserte tilbud, kultur- og opplevelsestilbud og øvrig næringsliv, på tvers av etablerte grenser.

I handlingsprogrammet til fylkesplan for Buskerud fylkeskommune (2005 – 2008) står det m.a. følgjande satsingsområde for Hallingdal:

- *Satsing på regionale utviklingssentra med sterke kompetansemiljø innan utdanning, næringsutvikling, kultur, reiseliv og landbruk. Utvikle kompetansetilbud der utdanningsinstitusjoner og næringsliv samarbeider og utnytter arbeidsplassene som læringsarena*
- *Utvikle sommerturismen med utgangspunkt i natur, kultur og miljø. Her vil landbruket være en viktig næring som produserer tjenester, opplevelser og kultur bygd på lokale tradisjoner – samtidig som det er tilpassa dagens krav til kvalitet og komfort*

I vedteke handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal står det m.a.:

- *Satsing på kompetansesentra innan næringsutvikling, kultur, reiseliv, landbruk og helse.*
- *Arbeide for etablering av nasjonalt forskingssenter for reiseliv i Hallingdal*
- *Styrking av vertsskapsrollar med fokus på formidling av lokal tradisjon og kultur.*
- *Utvikling av opplæringstilbod gjennom auka samhandling mellom utdaningsinstitusjonar på høgskule og vgs. nivå og regionalt næringsliv.*

Som ein ser passar mykje av prosjektkonseptet med vedtekne planar og strategiar både på nasjonalt og regionalt plan.

Norges Friluftshøgskole vil også kunne bli eit viktig bidrag til verdiskapinga i Hallingdal når det gjeld å skape attraktive og bærekraftige natur-, kultur- og friluftslivstilbod innan reiselivet, pilotprosjekt innan helse og rehabilitering (natur-kultur-helse), samt formidling av vår natur-, kultur- og friluftslivsarv til m.a. barn og unge i skole og fritidssamanheng.

Samstundes er dette eit prosjekt med stor fallhøgde. Nokre av dei største utfordringane trur eg vil vera:

- Ulike motkrefter i forhold til etablerte kompetansesenter/utdanningstilbod
- Nødvendig kraft og driv i heile prosjektfasen.
- Statleg finansiering ved realisering

Dei totale prosjektkostnadane er berekna til 4,85 mill. kroner.

Fase (2007) har ei kostnadsramme på 3.050.000 kroner, der det er søkt om 700.000 kroner frå Regionrådet for Hallingdal.

Aktuelle midlar å nytte til dette formålet kan vera midlar frå partnerskapsavtala mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, regionalt næringsfond for Hallingdal, eller midlar som blir avsett til gjennomføring av fylkeskommunen sin reiselivsstrategi.

I denne samanheng vil det regionalt næringsfond for Hallingdal vera mest aktuelt å nytte som finansieringskjelde, eventuelt saman med midlar avsett til gjennomføring av fylkeskommunen sin reiselivsstrategi.

Som sagt, dette er eit prosjektet som har vyar, samstundes som resultatet sannsynlegvis vil bli Norges Friluftshøgskole eller ingenting.

Slik prosjektet er presentert og med den innsatsen som til no er lagt i prosjektet er dette eit prosjekt som bør få regionen si fulle støtte.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver eit tilskot på kr 400.000 til vidare arbeid med Norges Friluftshøgskole (fase 2). Tilskotet blir finansiert av regionalt næringsfond.
2. Regionrådet vil oppmode Buskerud fylkeskommune om å løyve kr. 300.000, t.d. frå midlar til gjennomføring av Buskerud fylkeskommune sin reiselivsstrategi for 2007.
3. Regionrådet har tru på at dette vil kunne bli eit tiltak som heile Hallingdal vil nytte godt av og vil etter beste evne støtte opp om realisering av prosjektet.

27.8.2007

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

- Vedlegg 1: Søknad frå Norges Friluftshøgskole, dat. 22.8.2007
Vedlegg 2: Prosjektbeskrivelse (NB!!! KONFIDENSIELL)
Vedlegg 3: Budsjet og rekneskap
Vedlegg 4: Framdriftsplan



Regionrådet i Hallingdal
v/leder Knut-Arne Gurigard

22. august, 2007

Vedr: Søknad om prosjektstøtte til Prosjekt Norges Friluftshøgskole for 2007

Vi viser til hyggelig møte på Skarsnuten Hotell 22. juni d.å. der Prosjekt Norges Friluftshøgskole ble presentert.

Formålet med Prosjekt Norges Friluftshøgskole er som beskrevet tidligere, å etablere en ny, statlig, nasjonal profesjonshøgskole – Norges Friluftshøgskole – som skal bli en internasjonalt ledende profesjonshøgskole for utdanning av guider/veiledere, vertskap og tilretteleggere innen natur-, kultur- og friluftsliv og bærekraftig reiseliv, med hovedbase i Hemsedal og en kystbase på Sunnmøre (se overordnet prosjektbeskrivelse, vedlegg 1).

Hovedoppgaven i prosjektet vil være å utarbeide en detaljert studie- og fagplan som skal ende i en faglig søknad til NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen – underlagt Kunnskapsdepartementet). Dersom den faglige søknaden godkjennes, vil neste steg være å utarbeide en politisk og finansiell søknad til Kunnskapsdepartementet og Stortinget hvor målet er en statlig etablering og driftsfinansiering via statsbudsjettet, på lik linje med andre statlige høgskoler (se prosjektplan, vedlegg 2).

Når det gjelder framdriften til prosjektet, må den kunne anses som meget god. Vi har hatt møter på statssekretærnivå med Landbruks- og matdepartementet, Kommunaldepartementet, Miljøverndepartementet og Kunnskapsdepartementet, i tillegg til NHO Reiseliv, Riksantikvaren, Direktoratet for naturforvaltning, Norsk Bygdeturisme og Gardsmat, private reiselivsbedrifter m.fl. Tilbakemeldingene har vært svært positive, og flere reiselivsbedrifter har sagt ja til å støtte prosjektet finansielt. Når det gjelder etableringen av prosjekt-fagteamet, har over 15 meget kompetente fagpersoner takket ja til å være med å utarbeide detaljerte studieplaner og en helhetlig høgskolesøknad. Første felles fagteam-samling vil bli avholdt 25. august d.å. Flere høgskolemiljøer har også uttrykt positivt at de ønsker å samarbeide faglig med Norges Friluftshøgskole. Når det gjelder høgskolesøknaden, vil denne etter planen være klar i løpet av 2007/begynnelsen av 2008.

I samarbeidet mellom initiativtaker-regionene Hemsedal/Buskerud fylke og verdensarvkommunene Stranda og Norddal/Møre og Romsdal fylke, er det ønskelig med likevekt i prosjektfinansieringen mellom disse. Slik finansieringen er lagt opp nå, bidrar Hemsedal med totalt kr 400.000 (2006 og 2007), Stranda og Norddal med totalt kr 400.000 (2007) og Møre og Romsdal fylke med kr 700.000 (2007). Vi søker derfor herved Regionrådet i Hallingdal om støtte til prosjektet for 2007 på kr 700.000. Se for øvrig prosjektbudsjett- og regnskap, vedlegg 3.

SAK 39/07, VEDLEGG 1

Hovedoppgaver fase 2 - Hovedprosjekt (2007):

- Etablering av prosjekt-fagteamet
- Utvikling av detaljerte studieplaner og høgskolesøknad til Kunnskapsdepartementet
- Etablering av faglige samarbeidspartnere
- Informasjon til politiske aktører m.fl.

Budsjett fase 2 - Hovedprosjekt (2007):

Utestående lønn til prosjektleder og utgifter fra -06	162.000
Lønn til prosjektleder 2007	500.000
Lønn til prosjekt-fagteamet (15-20 stk)	1.900.000
Reise- og møtekostnader	250.000
Brosjyremateriell o.l. (bilder, trykking etc.)	138.000
Pensumlitteratur	50.000
Telefon- og kontorutgifter	50.000
Totalt budsjett fase 2	<u>3.050.000</u>

Finansiering fase 2 – Hovedprosjekt (2007):

Hemsedal kommune	250.000 (kr 150.000 i 2006)
Regionrådet i Hallingdal/Buskerud fylkeskommune	700.000
Stranda kommune	200.000
Norrdal kommune	200.000
Møre og Romsdal fylkeskommune	700.000
Private bidragsytere fra reiselivet o.a.	<u>1.000.000</u>
Total finansiering fase 2	<u>3.050.000</u>

Vi ser på Prosjekt Norges Friluftshøgskole som et viktig bidrag til verdiskapning i Hallingdal når det gjelder å skape attraktive og bærekraftige natur-, kultur- og friluftslivstilbud innen reiselivet, pilotprosjekter innen helse og rehabilitering (natur-kultur-helse), samt formidling av vår natur-, kultur- og friluftslivsarv til blant annet barn og unge i skole og fritidssammenheng. Hallingdal har unike forutsetninger for å kunne utvikle attraktive tilbud innenfor disse områdene, men synes å ha behov for mennesker (guider/veilere, vertskap, tilretteleggere) med spisskompetanse og lokalkunnskap for å kunne realisere disse verdiskapningspotensialene.

Vi ser frem til en hurtig tilbakemelding og behandling av søknaden, da prosjektet allerede er i full gang og har stramme tidsplaner.

Med vennlig hilsen
for Styringsgruppen i Prosjekt Norges Friluftshøgskole


Annelin Henriksen
Prosjektleder

Vedlegg:

- 1 Overordnet prosjektbeskrivelse
- 2 Prosjektplan
- 3 Prosjektbudsjett

BUDSJETT OG REGNSKAP	Budsjett 2006	Regnskap 2006 (inn-/utbetalt)	Budsjett 2007	Budsjett 2008	Budsjett 2009
Hemsedal kommune	150.000	150.000	250.000	200.000	200.000
Stranda kommune	0	0	200.000	100.000	100.000
Norddal kommune	0	0	200.000	100.000	100.000
Buskerud fylke	0	0	700.000	100.000	100.000
Møre o g Romsdal fylke	0	0	700.000	100.000	100.000
Grøndalen Utvikling (Hemsedal)	300.000	0	150.000		
Reiselivsselskaper og andre private aktører	0	0	850.000		
TOTALE INNTEKTER	450.000	150.000	3.050.000	600.000	600.000
Godtgjørelse prosjektleder	300.000	300.000	500.000	500.000	500.000
Godtgjørelse fagteam	0	0	1.900.000	0	0
Brosjyremateriell o.l.	70.000	0	138.000	40.000	40.000
Tlf. og kontormateriell	20.000	0	50.000	10.000	10.000
Pensumlitteratur	0	0	50.000	0	0
Reiser og møter	60.000	12.000	250.000	50.000	50.000
TOTALE KOSTN.	450.000	312.000	2.888.000	600.000	600.000
OVERSKUDD/UNDERSKUDD	0	-162.000	162.000	0	0
Overført underskudd fra fjoråret	0	-	162.000	0	0
TOTALE KOSTN. INKL. UNDERSKUDD FRA TIDL. ÅR	450.000	-	3.050.000	600.000	600.000

Prosjektets framdriftsplan - mulig oppstart tidligst i 2010



Hovedoppgave

FASE 1: Forprosjekt (2006/2007)

- Utvikle idékonsept og overordnet studieplan
- Etablere samarbeidspartnere (kommuner m.fl.)
- Etablere prosjektfinansiering

-> **GO eller NO-GO**

FASE 2: Høgskolesøknad (=NOKUT⁽¹⁾-søknad) (2007/2008)

- Etablere fagteamet
- Utarbeide detaljert studie- og fagplan/NOKUT-søknad
- Utarbeide detaljert driftsbudsjett
- NOKUT-behandling av søknad ift. innhold og kvalitet

-> **GO eller NO-GO**

FASE 3: Stortingsbehandling (2008/2009)

- Stortingsbehandling av etablering og finansiering

-> **GO eller NO-OG**

FASE 4: **Oppstart** (høsten 2010)